Arbeidet med videreutviklingen av skjemaet gjennomføres i SSB som et samarbeidsprosjekt mellom Seksjon for helsestatistikk og Seksjon for datafangstmetoder. Utviklingen er delt inn i ulike faser; fase 1 skal avklare informasjonsbehovet hos sentrale brukere av statistikken, blant annet KRD, Husbanken, SHdir, KS, KBL og kommunene. Fase 2 skal avdekke problemer i dagens eksisterende skjema, her vil ulike metoder tas i bruk, blant annet eksplorerende intervju og delvis strukturerte telefonintervju av respondentene. Fase 3 skal bestemme innholdet i det nye boligskjemaet, i denne fasen er det viktig å finne balansen mellom den informasjonen som statistikkbrukerne ønsker, og den informasjonen kommunene kan gi. Fase 4 vil være å utforme og teste ut et nytt skjema. Her vil utforming av nye spørsmål stå sentralt. Skjemaet skal testes i utvalgte kommuner, testene vil kjøres i flere omganger for å sikre et bra resultat. Prosjektet avsluttes med en rapport som dokumenterer hele arbeidsprosessen. Målet er å lage et mønsterskjema og en mønsterprosess for ”skjemmasnekring” som andre KOSTRA-områder kan benytte seg av. Sluttrapporten kommer i løpet av høsten (dette er i etterkant av møtet endret til juni 2009). Kommunene vil bli gitt tilbakemeldinger om alle endringer i god tid, slik at de rekker å lage nye registreringsrutiner. Endringene er planlagt innført i 2010.

SHdir ønsker en gjennomgang av boligskjemaet velkommen og mener det er et behov for testing slik at KOSTRA kun samler inn det brukere og myndighetene trenger. De stilte spørsmål ved om det er behov for de store matrisene med spørsmål. Det ble også fremmet forslag om at prosjektet kunne prate med f. eks en rusmisbruker, for å se om vedkommende kjente seg igjen. SSB orienterte om at det i fase 1 har vært mange diskusjoner rundt dette, og Husbanken har hatt noen møter hvor også enkelte beboere har deltatt. Her finnes det ulike studier å støtte seg til, blant annet har Trondheim sett på denne problemstillingen og kommet til at kombinasjonen rus og psykiatri er vanskeligst – her trengte beboerne mye oppfølging og støtte. En rapportering om oppfølging kan være ønskelig.

KS stilte spørsmål om personer løslatt fra fengsel burde telles i skjemaet, da man sentralt har hatt problemer med å holde oversikten over dette. SSB svarte at det er et ønske om bedre oppfølging av boligbehov for de som løslates, som står bak innføringen av spørsmålet.

## Eventuelt

SHdir orienterte om at ansvaret for levekår og sosiale tjenester overføres til det nye Arbeids- og velferdsdirektoratet (AVdir) i begynnelsen av mars 08. Om lag 40 til 50 årsverk vil flyttes fra SHdir til AVdir. Det er en rekke oppgaver som overføres, blant annet alle ressurser knyttet til Kvalifiseringsprogrammet. Dette vil påvirke KOSTRA-arbeidet og AVdir vil gå inn i arbeidsgruppen i stedet for SHdir. Omorganiseringen vil også få konsekvenser for enkelte statistikker, og kanskje for hvem som stiller som representant i Kontaktutvalget. Det vil etter hvert bli et navneskifte til Helsedirektoratet.

Neste møte finner sted onsdag 21. mai kl 10. Vel møtt.

## **Vedheng C**

eko, 22.05.2008

Til stades:

Nina Ruth Kristoffersen, Sosial- og helsedirektoratet  
Kirsti Strand, Sosial- og helsedirektoratet  
Magne Hustad, Kommunenes Sentralforbund  
Sidsel Platou Aarseth, Helsetilsynet  
Tonje Ek Brunvoll, NAV  
Julie Kjelvik, Statistisk sentralbyrå (under sak 1)  
Arne Jensen, Statistisk sentralbyrå (under sak 1)  
Agnes Aaby Hirsch, Statistisk sentralbyrå (under sak 3)  
Elisabeth Nørgaard, Statistisk sentralbyrå  
Elisabetta Vassenden, Statistisk sentralbyrå  
Trond Ekornrud, Statistisk sentralbyrå (ref)

## **Referat frå møte i Kontaktutvalet for helse- og sosialstatistikk 21.mai 2008**

Referat frå førre møte 8. februar var tidlegare sendt ut og godkjent.

### **Prosjekt om yrkessjukdomar v/Julie Kjelvik og Arne Jensen**

Arne Jensen og Julie Kjelvik orienterte om prosjektet for kartlegging av ny statistikk på området for arbeidsulukker og yrkessjukdomar. Bakgrunnen for prosjektet er den komande EU-forordninga som det blei informert om på førre møte. Forordninga fører til at landa må rapportera data for arbeidsulukker og yrkessjukdomar til Eurostat. Dagens rapportering blir utført av arbeidstilsynet(DAT), denne rapporteringa er friviljug og imøtekjem ikkje krava og forventningane som EU stiller til statistikkproduksjonen på området. Dagens rapporterting dekkjer berre over det landbaserte arbeidslivet som DAT har ansvaret for. Dei føretar ei vekting når dei blæs opp tala for dei andre områda. SSB sitt prosjekt har i så måte freista å kartleggja kva kjelder dei andre tilsyna innanfor arbeidslivet sit på, og mulegheitene for å koordinera desse. Dei har i samband med dette vore i møte med Petroleumstilsynet og Sjøfartsdirektoratet. I tillegg planlegger dei eit møte med Luftfartstilsynet før sommaren. Med bakgrunn i desse møta har dei danna seg eit oversiktsbilete over kva dei ulike tilsyna sit på av kjeldemateriale og kva dei eventuelt manglar i forhold til krava i EU-forordninga.

Som nasjonal statistikkprodusent har SSB ei koordinerande rolle og arbeidet skal for det første omfatta kartlegging av kva datakjelder som finns i Noreg, samt koma med tilrådingar om korleis desse kan nyttast for å tilfredsstilla internasjonale krav til statistikkproduksjon. For det andre vil SSB kartleggja mulegheita for å etablira ein nasjonal statistikk som kan bidra til å dekka nasjonale behov til statistikk på området. I så måte blir ein viktig del av prosjektet å sjå på forholdet mellom det å imøtekoma EU sine krav, og dei nasjonale behova for statistikk på området.

Jensen presenterte dei ulike variablane som det blir forventa at ein må rapportera til Eurostat. Det er i alt 24 variabler for arbeidsulukker og 13 variabler for yrkessjukdomar. Av desse er det forventa at fire vil vera obligatoriske å rapportera på arbeidsulukkeområdet, medan fem vil vera obligatoriske for yrkessjukdomar. Dette er det enno ikkje tatt ei endeleg avgjersle om dette i EU og Jensen presiserte at det per i dag er store skilnader, landa imellom, høvesvis kva variablar som blir rapporterte.

Per i dag er det mest nærliggjande å tru at ein kjem til å nytta seg av NAV sine data. NAV mottar noko av den todelte økonomiske erstattingsordninga, samstundes som dei mottar meldingar om både arbeidsulukker og yrkessjukdomar. Kontakten med NAV er skilt ut i eit eige delprosjekt som skal levera ein rapport innan kort tid. Denne vil vera tilgjengeleg på SSB sine heimesider i løpet av juni månad.

Prosjektet strekker seg fram til juni 2009 og SSB ønskjer då å ha kartlagt og evaluert potensielle datakjelder i NAV, Petroleumstilsynet, Luftfartstilsynet og Sjøfartsdirektoratet, samt ha oppretta dialog med Helse- og omsorgsdepartementet(HOD), Arbeids- og inkluderingsdepartementet(AID) og Arbeids- og velferdsforvaltninga(NAV). Datakjeldene skal, som tidlegare nemnd, vurderast i forhold til internasjonale krav, nasjonale behov og juridiske avgrensingar. Før september skal prosjektet ha ferdigstilt ein foreløpig rapport til Eurostat. Hovudinnhaldet i denne rapporten vil vera vurderingane av datakjeldene i NAV samt kartlegginga av datakjeldene til dei ulike tilsyna på dei to statistikkområda.

## **Sak 2. Prosjektet innanfor psykisk helse med omsyn til nye spørjeskjema**

Nina Ruth Kristoffersen frå Hdir orienterte. Ein viktig grunn til at ein har utvikla dette nye spørjeskjemaet, og ønskjer å innlemma det i KOSTRA frå rapporteringsåret 2009, er at ein oversikt over øyremerka tilskot innanfor psykisk helsearbeid er viktig å følgja opp. Det er viktig å få god informasjon om tenestene uavhengig av finansieringsform, og utviklinga av denne rapporteringa er eit viktig ledd i å hindra at opptrappingsplanen for psykisk helsearbeid, som no går mot slutten, ikkje fører til ei nedtrapping. Når opptrappingsplanen tar slutt vil det ikkje lenger vera øyremerking av midlar og landet sine kommunar vil ha oppretta 10 000 årsverk i løpet av dei siste ti åra opptrappingsplanen har eksistert. I samband med dette arbeidet blei det sendt ut eit rapporteringsrundskriv(IS-24), kor ein orienterte om ønskjer rundt rapporteringa av kommunanes bruk av øyremerka tilskot og kommunale tiltak innan psykisk helsearbeid. Eit av vilkåra for utbetaling av dei øyremerka tilskota er at rapporteringa av bruken er tilfredsstillande.

Det nye skjemaet, med namn rapporteringsskjema 2, er utarbeidd i dialog med fleire av kommunane i tillegg til ein høyringsrunde. Dette bidrog til fleire justeringar, nærmare avgrensingar og ei eiga rettleiing. Psykisk helsearbeid i kommunane er definert som tiltak retta inn mot menneske med psykiske vanskar og lidingar og konsekvensane av lidingane hos den einskilde, deira familiar og nettverk. Målgruppa for tiltak og tenester som omfattast av skjemaet er brukarar med psykiske vanskar og lidingar som mottar kommunale tenester, uavhengig av alder. Siktemålet er å få fram statistikk som kan belysa tenestetilbodet til denne gruppa. Statistikken skal supplerast med viktige bidrag frå andre kjelder som til dømes Allmennlegetenesta og KOSTRA. Psykisk helsearbeid blir utført innan mange område i kommunen, til dømes allmennlegetenesta og annan helseteneste, sosiale tenester og skule, og rapporteringsskjema 2 omfattar derfor ikkje alle tenester kor det blir utført psykisk helsearbeid.

Kristoffersen gjorde vidare greie for kva ein ønskjer å fanga opp med denne statistikken, og kva rapporteringsskjemaet inneheld av spørsmål. Hovudkategoriane som statistikken famnar om er oversikt over årsverk innanfor tiltak for vaksne, barn og unge. Personellets utdanning innanfor barn, unge og vaksne på feltet, og resultat knytte til det psykiske helsearbeidet i kommunen. Eit siste felt i skjemaet freistar å få info om organiseringa av det psykiske helsearbeidet i kommunen, her kan dei velje mellom fire ulike modellar. Eit problem knytt til denne rapporteringa er at kommunane er organisert ulikt. Kristoffersen orienterte vidare om prosessen framover. Data frå 2007 kjem i desse dagar inn frå fylkesmenna, og innrapporteringsprosenten ser ut til å vera høg. Kvalitetssikringsprosessen av tala er omfattande. SINTEF-helse er kopla inn for å gjera ein analyse av tala, og truleg kjem det ein rapport med resultata frå analysane ved årsskiftet.

SSB sa at det var viktig at dei mottok den ureviderte fila frå Hdir så snart som muleg, for å koma i gang med å vurdera det ureviderte datamaterialet, slik at det blir innlemma på ein så god måte som muleg i KOSTRA-systemet, særleg sidan planen er at dette skal inn som eit eige KOSTRA-skjema f.o.m. rapporteringsåret 2009.

Av utfordringar i arbeidet vidare peika Kristoffersen på at det er ønskjeleg å etablera ei eiga arbeidsgruppe for psykisk helse, alternativt ei eiga arbeidsgruppe for psykisk helse/rus. Det blir òg viktig å lytta til dei behov kommunane har i vidare utvikling av innrapporteringa.

KS har etablert Effektiviseringsnettverk innan psykisk helse, og dei ønskjer betre objektive data å basera nettverksgjennomgangane på. På lengre sikt arbeidast det med at relevant informasjon skal kunna supplerast, og til ein viss grad erstattast, av informasjon henta blant anna frå IPLOS og registerbasert personellrapportering.

Saka skal opp i Samordningsrådet til hausten, og endeleg godkjenning av eventuelt nytt KOSTRA-skjema vil bli tatt der.

### **Sak 3. Kvalifiseringsprogrammet og prosjektgjennomgang av sosialstatistikken.**

Agnes Aaby Hirsch orienterte om arbeidet med å oppretta statistikk om kvalifiseringsprogrammet (nytt kapittel 5A i Sosialtenestelova), samt meir generell informasjon om arbeidet med sosialhjelpsstatistikken i KOSTRA.

Kvalifiseringsprogrammet er innført i alle kommunar med NAV-kontor f.o.m. 1. november 2007. For rapporteringsåret 2008 fangar KOSTRA-skjema 11 opp mottakarar av kvalifiseringsstønad ved å registrera summen for stønad og stønadsmånader for kvalifiseringsstønad (i tillegg til økonomisk sosialhjelp). Det er likevel naudsynt med ein meir detaljert informasjon om mottakarar av kvalifiseringsstønad, og Hdir finansierer derfor arbeidet med å utvikla eit nytt KOSTRA-skjema 11C, som skal gjelda f.o.m rapporteringsåret 2009. Dette prosjektet skal også sjå meir detaljert på sosialstatistikken slik han er i dag, og kartleggja kontaktpunkt til andre statistikkområde, som vil omfatta rus, helse, bustad. Hirsch fortalte at det forutan ho sjølv, er Harald Tønseth, SSB, som har og kjem til å vera sentral i dette arbeidet.

Det er uttala at målgruppa for kvalifiseringsprogrammet er langtidsmottakarar av sosialhjelp. Men einaste krav for å få kvalifiseringsstønad er at ein ikkje mottar trygd. Tiltaka i programmet skal vera tilrettelagt individuelt, derfor er det ei utfordring å laga gode kategoriar. Ein jobbar framleis med å kategorisera dei ulike tiltaka inne i KOSTRA-arbeidsgruppa for sosialstatistikk.

KS meinte at mottakarar av kvalifiseringsstønad burde vera eit felt som er muleg å få oversikt over, og at dei trur det er eit kommunalt juridisk ansvar å innrapportera dette. KS minna vidare om at dette er ei vidareføring av introduksjonsprogrammet for nytilkommne innvandrarar. Her er det ulike direktorat som har ansvaret, og tiltaka er i mange tilfelle heilt individuelle.

Hirsch sa at KOSTRA-skjema 11C derfor har tatt utgangspunkt i KOSTRA-skjema for introduksjonsstønad, 11B. Per dags dato føregår det ei mellombels rapportering av kvalifiseringsordninga til NAV.

Ein reknar med omlag 5000 mottakarar av kvalifiseringsstønad i 2008, noko som gjer at gruppa bør vera overkomeleg å skaffa seg ein rimeleg god oversikt over.

Hirsch orienterte om at ein del av prosjektet, som er finansiert av Hdir, omfattar ein gjennomgang av kva som finst av informasjon ute i fagsistema til kommunane. NAV viste i så måte til eit pågåande prosjekt hos dei kor ein ser på systembaserte løysingar for rapportering på månadsbasis. Dette vil NAV orientera meir utfyllande om på neste møte i kontaktutvalet, då konklusjonane frå dette arbeidet vil vera av stor interesse for SSB og deira arbeid med same emne.

SSB peikte i denne samanheng på at det er viktig å klara og rapportera alt, samstundes som ein må hindra ei dobbelrapportering på området.

Forslag til nytt skjema 11C må vera klart til Rapport til samordningsrådet, som har frist 30. juni.

Når det gjeld sosialhjelpstatistikken som heile, og arbeidet med å forbetra denne kunne Hirsch orientera om at ein jobbar med å samkøyra KOSTRA-rettleiarane på rekneskap og tenestedata på området. Desse har tidlegare vore ulike for nokre av KOSTRA-funksjonane.

Ein vurderer også ein overgang til registerbasert rapportering av årsverk innanfor sosialhjelp. Desse er for tida å finna på KOSTRA-skjema 7. SSB vil i løpet av året ta stilling til om register er ei god løysing på lengre sikt for rapportering av årsverk i sosialtenesta. Hirsch kunne også orientera om at det er eit eige prosjekt knytt til rus og bustad som vil vera nyttig i samband med sosialhjelpstatistikken, og då i forhold til å kartleggja fagsystema rundt i kommunane, og kva informasjon dei sit på. Det er, ifølgje ho, viktig at desse prosjekta er i dialog med kvarandre.

## **Vedheng D**

eko, 30.10.2008

Til stades:

Eliin Rødal, Helsedirektoratet  
Thorstein Ouren, Helsedirektoratet  
Birgitta Bøhn, Helsedirektoratet  
Sidsel Platou Aarseth, Helsetilsynet  
Siv Lunde, Helse og Omsorgsdepartementet  
Tonje Ek Brunvoll, NAV  
Bjørg Løken Western, NAV  
Elisabeth Nørgaard, Statistisk sentralbyrå  
Jorun Ramm, Statistisk sentralbyrå  
Ingunn Hegstad Ottersen, Statistisk sentralbyrå (under sak2)  
Helge Næsheim, Statistisk sentralbyrå (under sak2)  
Bjørn Gabrielsen, Statistisk sentralbyrå (under sak 3)  
Trond Ekornrud, Statistisk sentralbyrå (ref)

## **Referat frå møte i Kontaktutvalet for helse- og sosialstatistikk 24.september 2008**

Referat frå førre møte 8. februar var tidlegare sendt ut og godkjent.

### **Sak 1. Helse- og sosialberedskap, ny statistikk. Orientering v/Eliin Rødal.**

Eliin Rødal frå Hdir orienterte. Etter fleire hendingar dei seinare år, som til dømes orkanen på Vestlandet i 1992 og Tsunamien i 2004 har det blitt eit skjerpa fokus på området helse- og sosial beredskap. I samband med dette har Helsedirektoratet starta opp ei kartlegging av kva rapportering som finst på området. Dette er eit område kor det ikkje er god nok rapportering. I den grad det finst, avgrensar det seg ofte til at ugiftier til beredskap er innarbeidd i rekneskapstala til andre funksjonar. Det er difor naudsint å utvikla indikatorar som gjer det mogeleg for kommunane å rapportere på beredskapstema på ein systematisk måte. Det endelige målet for kartleggingsarbeidet til Hdir er å utvikla ein ny statistikk for området som etter kvart skal bli innlemma i KOSTRA.

Kartleggingsarbeidet for helse- og sosial beredskap tek utgangspunkt i Lov om helsemessig- og sosialberedskap. Formålet med lova er å verna befolkningas liv og helse og at nødvendig helsehjelp og sosiale tenester kan bli tilbydde befolkninga under krig, samt ved kriser og katastrofar i fredstid.” For å ivareta lovens formål, skal verksemder lova omfattar kunna oppfylla desse ønskja med basis i den daglege tenesta, oppdaterte planverk og regelmessige øvingar.

All tidlegare erfaring tilseier at praksisen er svært ulik frå kommune til kommune.

Ei kartlegging av stoda, i form av ein årleg statistikk, vil setja fokus på beredskapsområdet og forhåpentlegvis betra rutinane i kvar einskild kommune.

Beredskap som nytt rapporteringstema med ein årleg statistikk er viktig å få på plass av fleire grunnar. Det vil bidra til å etablera kunnskap om status i kommunane. I tillegg gjer ei rapportering det muleg å målretta innsats der kor ein ser det er behov for det. Det gir også høve til å gi betre rettleiing, utvikla nye opplæringstiltak og å oppnå ny kunnskap og innsikt om beredskap.

Rapporteringssystemet og ein eventuell ny statistikk vil også gi mulegheiter for å avklara forventningane som ligg latente mellom publikum og styresmaktene.

SSB ser på statistikken som nyttig og absolutt ein statistikk som er foreinleg med kva KOSTRA skal innehalda av styringsinformasjon. SSB treng likevel å gjera ein gjennomgang i forhold til allereie etablerte skjema som finst i KOSTRA. Det er tenkjeleg at enkelte spørsmål kan innlemmast i allereie etablerte skjema i staden for å bli ein del av eit heilt nytt skjema.

Målet er å innlemma denne statistikken i KOSTRA i løpet av 2009.

Det blir i så måte viktig at Hdir og SSB har god dialog med kvarandre i tida som kjem. I tillegg må ein sjå på kva informasjon Direktoratet for samfunntryggleik og beredskap (DSB) sit rundt på om helse- og sosialberedskap.

## Sak 2. Registerbasert personellstatistikk i spesialistenesta

Ingunn Hegstad Ottersen og Helge Næsheim orienterte 11.juni 2008 vedtok arbeidsgruppa i spesialisthelsenesta ein overgang til registerbasert personellstatistikk. Dette inneber at ein f.o.m. 2009 hentar årsverkstal frå NAV's arbeidsgiver-/ arbeidstakerregister og helsepersonellregisteret for statistikkåret 2008. Overgangen er glidande, og det vart fatta ei avgjersle om å føreta ei parallelrapportering i 2009 for tala fra 2008. Dette gjorde ein fordi det framleis er knytta usikkerheit til kvaliteten på tala i registera. Overgangen til register vil føra til at skjemaa etter kvart vert mindre, då spørsmåla knytta til årsverk vil falla vekk.

Hdir la vekt på viktigeita av at ein i starten gjer parallelkjøyringar. Usikkerheita rundt årsverkstala frå register, samt at det er viktig å ha tal ein er sikre på i samanheng med opptrappingsplanen gjer dette viktig. I tillegg er tidsseriebrot for årsverk hos helsepersonell uehdig.

SSB var einige, men poengterte samstundes at ein ikkje må sjå på årsverkstala frå skjema som som ein absolutt fasit. Målet er at parallelrapporteringa vil gi ein betre oversikt over kva som eventuelt må forbetrast med tala frå register. SSB meinte at det særleg vert viktig, i ein overgangsfase, å samanlikna årsverkstal med rekneskaptal. På denne måten kan ein føra ein viss kontroll med kvaliteten på årsverkstala i register. Men omlegginga skjer på eit utfordrande tidspunkt. Det skjer eit skifte i funksjonsinndelinga mellom 2008 og 2009 og samstundes skjer det ei omlegging til ein revidert standard for næringsgruppering.

Helsetilsynet reiste spørsmålet om kva nye mulegheiter ein overgang til register ville gi. I den samanheng lurtde dei på om dette kunne knytast opp til autorisasjonsregisteret, og gi interessant statistikk for dette. SSB svara at autoriseringsregisteret er eit av de register som vert nytta når ein fordeler sysselsette etter utdanning. Ein skal kunne sjå om dei som er registrert i helseyrker også er registrert i autorisasjonsregisteret, og viss dei ikkje er her kva utdanning dei har. Dette kan berre publiseras som statistikk og ikkje slik at ein identifisera individ.

SSB har kontrollert alle helseføretakenes registrering i Enhetsregisteret og Aa-registeret . Det første registeret syner dei verksemder føretaka er registrert med, mens det andre syner korleis dei tilsette er knytt til desse føretaka. Det vert sendt ut brev til alle føretak om kva SSB meiner bør rettast. Det vert då lagt vekt på dei krav som er viktig for å kunne gje tal etter funksjonsinndelinga som vert gjeldande for 2009. I Helse Nord og Helse Vest er det ein del manglar i fordeling av tilsette på verksemder til dømes ambulanstenesta. I tillegg er det knytta utfordringar til korleis fellesadministrasjon skal handteras sidan dette er organisert på noko ulik måte både mellom regionane og mellom helseføretaka. Dette vil og vera eit problem i rekneskapsdata og ein vil sjå dette i samanheng. Tilsette innleigde frå vikarbyrå vil ikkje kunne knytast til helseføretaka og det same gjeld i dag spesialister med avtale. Det siste vil ein kanskje finne ei ordning for, men elles må ein framleis nytte skjema for å få inn desse dataene. Problem som dukkar opp undervegs vert tekne opp i arbeidsgruppa, og SSB arbeider kontinuerleg med å betra kvaliteten på registera.

Hdir la vekt på at det vert viktig med god dialog mellom SSB og Hdir i tida som kjem. SSB vart i så måte bedne om å sjå på kva Hdir kan bistå med og gi tilbakemelding om dette.

### **Sak 3. IPLOS-publisering 29/8 v/Bjørn Gabrielsen**

Gabrielsen orienterte. IPLOS (Individbasert Pleie og omsorg) hadde si første publisering 29.august. IPLOS er eit pseudonymt individbasert register over brukarar og søkerar i Pleie- og omsorgstenestene. Det har vore eit litt kronglete første år med ein del fram og tilbake. Samstundes har mykje av dette vore naudsynt for å sikra kvaliteten på registeret og tala som vart publiserte. Mange brukarorganisasjonar etterspør legitimitet, difor har det vore viktig å vera nøyne med korleis ein publiserer ting. Gabrielsen viste vidare til notatet om IPLOS på SSB sine nettsider for meir informasjon om arbeidet. Her er det også publisert ei rekke tabellar. Tala i notatet baserer seg på førebelse 2007-tal og det er knyta ein del usikkerheit til kvaliteten, samstundes så gir det ein viss peikepinn på situasjonen for pleie og omsorgsområdet. IPLOS er i startgropa når det gjeld publiseringssform og allereie i 2009 vil det koma endringar. Mellom anna kan det koma endringar i aldersintervall, samt at nye tabellar kan koma til.

Når det gjeld kvaliteten på tala i registeret vil det nok ta ein del år før tala for alle dei ulike områda innanfor IPLOS-registeret er svært gode. SSB minna om at sidan det er svært mange involverte aktørar er det vanskeleg å gjera store endringar frå år til år.

Hdir meinte det var viktig å gå dei rundane ein gjorde før den endelege publiseringa fann stad. Innahaldet i publiseringa seier berre noko om overflata av kva talmateriale som ligg i IPLOS. IPLOS-registeret vil med tida gi veldig mange nye muleigheter for interessant og god statistikk. Ei utfordring for Hdir som er databehandlingsansvarleg vil vera å imøtekoma dei som ønskjer tilgang til data i IPLOS-registeret. Til no har ei rekke aktørar ytra si interesse for tilgang til tal via søknader til Hdir. Særleg har ei rekke forskrarar vist interesse

### **Sak 4. Eventuelt**

Møtedeltakarane vart bedne om å koma med forslag til punkt på saksagendaen til neste møte. Hdir viste til eit prosjekt om utviklinga av rapportering for psykisk helse.

SSB ønskja å gjera greie for arbeidet som har føregått med evalueringa av sosialtenesta.

SSB føreslo også StatRes-publisering som ei muleg sak på neste møte. Alle desse tre punkta vert tatt med i vurderinga av punkt til neste møte.

Neste møte vert halde 26.november. Vel møtt.

## **Vedheng E**

eko, 28.01.2009

Til stades:

Øyvind Hesselberg - Folkehelseinstituttet  
Nina Ruth Kristoffersen - Helsedirektoratet  
Kirsti Strand - Helsedirektoratet  
Pål Alm Kruse - Helse- og omsorgsdepartementet  
Rigmor Bryhaug - NAV  
Magne Hustad - Kommunenes sentralforbund  
Sidsel Platou Aarseth, Helsetilsynet  
Marit Getz Wold, Statistisk sentralbyrå  
Åsne Vigran, Statistisk sentralbyrå  
Unni Grebstad, Statistisk sentralbyrå  
Elisabetta Vassenden, Statistisk sentralbyrå  
Trond Ekornrud, Statistisk sentralbyrå (ref)  
Dag Abrahamsen (til stades under sak 4)

## **Referat fra møte i Kontaktutvalet for helse- og sosialstatistikk 26.november 2008**

Referat fra førre møte 24. september var tidlegare sendt ut og godkjent.

### **Sak 1. Evaluering av den nye sosialtenestestatistikken v/Unni Grebstad.**

Unni Grebstad fra SSB orienterte. SSB ved Seksjon for levekårsstatistikk har starta ei evaluering av sosialstatistikken. Bakgrunnen for gjennomgangen har vore kvalifiseringsstønadsprogrammet og korleis ein skal innlemma dette på ein god måte som muleg i statistikken. Ein ønskjer også å sjå korleis NAV løyser dette. Ein av målsetnadene med gjennomgangen er å auke kontaktpunkt og auke bruk av registerdata i framtidig statistikk. Det er ofte snakk om små stillingsheimlar i kommune/stat, og desse er ofte vanskeleg å fanga opp igjennom register. Det er difor viktig å setja fokus på å betra kvaliteten på registera. Prosjektet skal ferdigstillast i løpet av året i form av ein rapport. Denne kjem til å ta for seg effektmåla - auka kontaktpunkt, auka bruk av registerdata og Skjema 11c-kvalifiseringsstønad. Det er Seksjon for levekårsstatistikk og Seksjon for arbeidsmarked i SSB som samarbeider om evalueringa av området.

### **Sak 2. StatRes-publiseringa**

Marit Getz Wold orienterte. Ho gjorde greie for føremålet med StatRes, StatRes som modell, erfaringar fra årets publisering, faglege og metodiske utfordringar og planar vidare. Føremålet med StatRes er å syna kor mykje ressursar staten bruker, kva denne ressursinnsatsen gir av aktivitetar og tenester i dei ulike statlege verksemndene. I tillegg ønskjer ein å syna kva resultat ein kan lesa utifrå ressursinnsatsen. FAD initierte og finansierer StatRes, medan SSB er ansvarlege for publiseringar i nært samarbeid med pilotarbeidsgrupper. Medlemmar for pilotarbeidsgruppa for spesialisthelsetenester inkluderer Helsedirektoratet, Kunnskapssenteret, SINTEF Helse og FAD. StatRes dekkjer nå områda Statsforvaltninga, Universitet og høgskular, Spesialisthelsetenesta, Statleg barnevern, Toll- og avgiftsetaten, Politi og påtale, Samferdsel og Jernbaneverket.

Ein planlegger å innlemma ytterlegare område i dei komande åra (NAV, Forsvaret, Statens Vegvesen) Ressursinnsats: kroner og sysselsetjing, Miljø - avfall og energi, Skatteetaten og UDI.

Når det gjeld omgrep som er sentrale i StatRes er det særleg Ressursinnsats, samt tenester og aktivitetar som er viktige å nemna. I spesialisthelsetenesta deler ein ressursinnsats etter driftskostnadar i løn, varer, tenester og medisinar. Årsverk er planlagd å bli innlemma frå våren av. Innanfor tenester og aktivitetar opererer ein med døgnplassar (senger), døgnopphald (utskrivingar), opphaldsdøgn (liggjedøgn), og polikliniske konsultasjonar for Spesialisthelsetenesta totalt, samt fordelt på somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling.

Andre omgrep som er sentrale i StatRes er Resultat, Einingskostnader og produktivitet og relaterte indikatorar for dette. Her har spesalisttenesta ein jobb å gjera, og arbeidsgruppa tek fatt på dette arbeidet no.

Erfaringar frå årets publisering har vist at det har vore litt usemje om mandatet til pilotarbeidsgruppa og Helsedirektoratet, men her har ein fått ein god prosess i gang. Når det gjeld faglege utfordringar er det særleg arbeidet med økonomiske indikatorar som er krevjande og som ein må utbetra enno betre. Per i dag er det ingen indikatorar på resultat einingskostnader/produktivitet eller relaterte indikatorar. I framtidige publiseringar må ein ta stilling til kva nivå ein ønskjer å publisera det på. Særleg når ein skal finna fram til eigenproduksjon og på kva nivå, på institusjon eller HF.

I framtida ønskjer ein å publisera indikatorar som omhandlar ventetid på behandling, sidan dette er eit sentralt mål på resultat innanfor Spesialisthelsetenesta. Dette er tema på neste møte i pilotarbeidsgruppa.

### **Sak 3. Sosial ulikskap i helse v/Kirsti Strand**

Kirsti Strand frå Helsedirektoratet orienterte. Det hadde ikkje lukkast å få nokon som var meir direkte involvert i prosjektet frå Helsedirektoratet til å koma å orientera. Strand kunne likevel fortelja at arbeidet er godt i gang òg at det er ønskjeleg at dette vert ei orienteringssak på neste møte i kontaktutvalet, slik at meir involverte aktørar i frå Helsedirektoratet kan koma å gi ei orientering om arbeidet og status.

### **Sak 4. Orientering om rapportering for psykisk helse Helsedirektoratet v/Nina Ruth Kristoffersen.**

Nina Ruth Kristoffersen orienterte om planar for vidare rapportering om psykisk helsearbeid i kommunane etter at Opptrappingsplanen for psykisk helse vert avslutta ved utgangen av 2008. Helse- og omsorgsdepartementet har delegert til Helsedirektoratet å leia ei arbeidsgruppe for dette i KOSTRA. Helsedirektoratet leverte ut utkast til mandat for gruppa på møtet, og bedde om innspel innan 5. desember. Utgangspunktet for arbeidet er vidareføring av rapporteringsskjema 2 i IS-24, med mål om første innrapportering i 2010 for statistikkåret 2009.

Arbeidsgruppa sitt føreslag til skjema skal leggjast fram for KOSTRA-arbeidsgruppene pleie og omsorg, kommunehelseteneste, barnevern, kommunale bustader og sosialtenester for innspel. Endeleg skjemautkast vil deretter leggjast fram for Kontaktutvalet før det vert innlemma i arbeidsgrupperapporten til Samordningsrådet 30. juni 2009. Rapporten må òg gi forslag til vidare organisering av arbeidet, i eksisterande KOSTRA-gruppe eller som eiga gruppe.

Sidan ein ved levering av rapport ikkje har avslutta arbeidet med analyse av 2008-rapporteringa, kan det vere ønskjeleg at gruppa held fram arbeidet nokre år til, men i fyrste omgang sett ein ned ei midlertidig gruppe snarast som avsluttar sitt arbeid med levering av rapport til Samordningsrådet.

Det er grunn til å påpeika at det finst generelle retningsliner for arbeidsform, arbeidsmåte og rollefordeling i KOSTRA arbeidsgrupper. Desse seier mellom anna noko om korleis samarbeidet i gruppene skjer, korleis arbeidet i gruppene skal gjennomførast, og kva roller ulike aktørar har.

På første arbeidsgruppemøtet i KOSTRA arbeidsgruppa 22.01.2009 vart desse retningslinene gjennomgått.

**Sak 5. Eventuelt**

Kontaktutvalet blei einige om at SSB skal senda ut ein samla møteinvitasjon for alle møta som skal haldast i 2009.